

Velkommen til Plassebakken barnehage!

Gratulerer med barnehageplass! Vi er takksame for at de har valgt akkurat oss som ein sentral arena for danning, leik og læring! Det er til saman 14 nye born som startar opp i barnehagen vår i år.

Kva skjer framover?

BESØKSDAG torsdag 21.mai kl 10.00 – 13.00.

Her vil de få høve til å helse på tilsette og kanskje leike litt med framtidige leikekameratar. Denne dagen kan også vere fin til å få svar på ting de lurar på i forkant av oppstart. Frå 12.00 -13.00 inviterer vi til første **SONGSAMLING** som er eit tilbod til nye born og foreldre i **mai og juni**. Sjå eige skriv m/ påmelding.

FORELDREMØTE tysdag 2.juni kl.1730 – 1830

med fokus på overgang frå heim til barnehage. Håper så mange som mogleg har høve til å komme. Vi ønskjer melding i forkant om de kan komme eller ei.

INFORMASJON blir sendt ut på e- post i løpet av juni der de får vite meir om personalet som arbeider her og kva slags avdeling bornet ditt skal gå på. Det er også skjema som de må fylle ut og sende i retur.

BARNEHAGEÅRET startar måndag 10.august.

For at tilvenninga skal bli god, ønskjer vi ikkje at alle startar opp samstundes. Vi vil ta kontakt i god tid for å avklare dato for første barnehagedag for ditt barn. Vi legg vekt på tilvenning i barnet sitt tempo, så vi råder dykk allereie no til å planlegge denne tida godt. Kanskje har de litt ferie til gode, eller nokre besteforeldre som kan hente litt tidligere den første tida...?

Vi gler oss til å bli kjent, og håper vi ser mange av dykk i løpet av våren allereie.

*Oppleringar i naturen
og erfaring med dyrehald,
dannar grunnlaget for vår
pedagogiske verksemd.*

*Tryggleik og tillit er overordna, og
vi er spesielt opptekne av at
tilvenning skal handle om
emosjonell tilknytning.*

<https://plassebakken.no>



Noko de lurar på før vi treffast?

Ta kontakt med oss på telefon 474 81 398 eller e – post:

sbn@plassebakken.no
camilla@plassebakken.no



Plassebakken barnehage SA

Følg oss gjerne på Facebook!



